



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Helge Oddvin Sandvik /
55516508

Vår referanse:
15/219342-5

Deres referanse:

Vår dato:
11.01.2016

Søknad frå Bømlo Vegselskap AS om løyve til å justere takst- og rabattsystemet i Bømlopakken

Bømlo Vegselskap AS har i brev datert 26.10.2015 søkt om løyve til å justere takst- og rabattsystemet for Bømlopakken.

I søknaden frå selskapet blir det vist til takstvedtaket for Bømlopakken datert 29.01.2013. Her tilrår Vegdirektoratet at bompengetakstane blir vurderte innan eit år etter oppstart av innkrevjinga, slik at ein tidleg i bompengerperioden kan justere bompengetakstane for å oppnå den gjennomsnittstaksten som er lagt til grunn i St.prp. nr. 78. Ved evt. inntektssvikt bør verknadane av månadleg passeringstak og timeregulering vurderast.

Innkrevjinga av bompengar starta opp 2. mai 2013. Ut frå dei erfaringar som selskapet har gjort seg so langt i innkrevjingsperioden, finn styret i bompengeselskapet det nødvendig å justere bompengetakstane for å rette opp svikten i bompengeinntektene.

Søknaden frå Bømlo Vegselskap AS

Bømlo Vegselskap AS viser i sin søknad til notat frå Statens vegvesen Region vest datert 24.09.2015, vedlagt. I notatet er årsaka til svikten i inntektene gjennomgått, samt ei tilråding for kva tiltak som kan setjast i verk for å auke bompengeinntektene. På dette grunnlaget fatta styret i Bømlo Vegselskap AS i styremøte 22. oktober 2015 følgjande vedtak:

1. Styret i Bømlo Vegselskap AS slutter seg til Regionvegsjefen si tilråding om at ordninga med passeringstak ikkje vert endre men at ordninga med timesregel vert endra til 30 minutt.
2. Styret søker vidare om ei justering av dagens takstar ved bomstasjonen på Spissøy slik:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Takst før justering					Etter justering			
Takster	Lett bil	Forskot	Tung bil	Forskot	Lett bil	Forskot	Tung bil	Forskot
Full pris	65		130		80		160	
30 %	45,5	1820	91	3640	56	2240	112	4480
40 %	39	2340	78	4680	48	2880	96	5760
50 %	32,5	3900	65	7800	40	4800	80	9600

3. Styret slutter seg til at påslaget på fire takstsoner på ferjebilletten på fv 541 Langevåg–Buavåg ikkje vert endra.
4. Dei nye takstane vert sett i kraft frå 1. januar 2016, eller so snart som råd er etter denne dato.

I notatet frå Statens vegvesen Region vest blei det gitt ei tilråding for kva tiltak det kan vere aktuelt å setje i verk for å auke inntektene i pakken. Mellom anna blei det foreslått at dagens passeringstak og timeregulering står ved lag. I punkt 1. i styret sitt vedtak er timeregelen redusert frå 1. time til 30 minutt. I høyringsbrevet som blei sendt til lokalpolitisk behandling i kommunane Bømlo, Stord, Sveio og Fitjar i brev av 27.10.2015, gav regionveg sjefen uttrykk for at Statens vegvesen hadde ingen merknader til selskapet sitt forslag om å redusere «timeregelen» frå ein 1.time til 30 minutt. Ei vurdering av timeregelen, med omsyn til å auke inntektene er også i tråd med tilrådinga i takstvedtaket.

Resultatet frå den lokalpolitiske høyringa.

Det ligg no føre resultat frå den lokalpolitiske handsaminga av søknaden:

Svei kommune

Sveio kommune handsama søknaden i kommunestyret i møte den 14.12.2014. Kommunestyret tok søknaden til etterretning.

Bømlo kommune

Bømlo kommune behandla søknaden i sak 97/15 i kommunestyret den 7.12.2015. Kommunen fatta slikt vedtak:

1. Bømlo kommune vil be om dagens passeringstak og timeregulering står ved lag, i tråd med Regionveg sjefen si første tilråding
2. Bømlo kommune sluttar seg til regionveg sjefen sitt framlegg til justering av dagens takstar ved bomstasjonen på Spissøy slik:

Takst før justering	Etter justering
---------------------	-----------------

<i>Takster</i>	<i>Lett bil</i>	<i>Forskot</i>	<i>Tung bil</i>	<i>Forskot</i>	<i>Lett bil</i>	<i>Forskot</i>	<i>Tung bil</i>	<i>Forskot</i>
<i>Full pris</i>	65		130		80		160	
<i>30 %</i>	45,5	1820	91	3640	56	2240	112	4480
<i>40 %</i>	39	2340	78	4680	48	2880	96	5760
<i>50 %</i>	32,5	3900	65	7800	40	4800	80	9600

3. Bømlo kommune sluttar seg til at påslaget på 4 takstsoner på ferjebilletten på fv 541 Langevåg- Buavåg ikkje vert endra

4. Dei nye takstane vert sett i kraft frå 1. januar 2016, eller så snart som råd er etter denne dato

5. Bømlo kommune vil be om ei utgreiing om moglegheit for revisjon av Bømlopakken, med mål om å sikra gjennomføring av alle planlagde prosjekt, og analyse av eventuelt nye, viktige prosjekt. Den må innehalda ei utgreiing om ulike modellar for bompengefinansiering, også nye bomstasjonar

Stord kommune

Stord formannskap handsama søknaden 2. desember 2015 i sak 44/15 og gjorde slikt vedtak:

«Av omsyn til pendling, handel og samkvem elles mellom Stord og Bømlo bør ikkje betalingsattsane i Bømlopakken settjast for høgt. Stord kommune ser med uro på framlegget til takstauke.

Stord kommune ser Bømlopakken i samanheng med den komande Stordpakken, og er oppteken av det samla avgiftsnivået for innbyggjarane i distriktet.

Stord kommune ber om at ein ser på mogeleg harmonisering av avgiftsnivået mellom Stordpakken og Bømlopakken ved neste revisjon, som bør omfatta nedbetalingstid og lokalisering av bomstasjonar.»

Fitjar kommune

Fitjar kommune slutta seg til søknaden i møte i formannskapet i sak 93/15, 4. desember 2015.

Regionvegsjefen si tilråding

Med unntak for Bømlo kommune så har alle dei andre kommunane som har gitt uttale, slutta seg til søknaden frå Bømlo Vegselkap AS. Stord kommune uttrykte i sitt vedtak uro over at taksten kan bli for høg medan Bømlo kommunestyre vedtok å vidareføre dagens timeregul på 1. time. Regionvegsjefen meiner at vedtaket i Bømlo kommune, i kommunen der bomstasjonen er plassert, bør vege tungt når fylkeskommunen skal gje uttale til søknaden.

Med hilsen

Helge Eidsnes

Regionvegsjef

Tone Margrethe Oppedal
Leiar Styring og Strategistab

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.



Statens vegvesen

Likelydende brev – se vedlagt liste

Behandlende enhet: Region vest
Saksbehandler/telefon: Helge Oddvin Sandvik / 55516508
Vår referanse: 15/219342-2
Deres referanse:
Vår dato: 27.10.2015

Søknad om justering av takst- og rabattordninga for Bømlopakken

I søknaden blir det vist til takstvedtaket for Bømlopakken datert 29.01.2013. Her tilrår Vegdirektoratet at bompengetakstene blir vurdert innan eit år etter oppstart av innkrevjinga, slik at ein tidleg i bompengerperioden kan justere bompengetakstane for å oppnå den gjennomsnittstaksten som er lagt til grunn i St.prp. nr. 78. Ved evt. inntektssvikt bør virkningene av månedleg passeringstak og timeregul vurderast.

Innkrevjinga av bompengar starta opp 2. mai 2013. Ut frå dei erfaringar som selskapet har gjort seg so langt i innkrevjingsperioden, finn styret i bompengeselskapet det nødvendig å justere bompengetakstane for å oppnå den gjennomsnittlege inntekta som er føresett. Styret viser til eit notat frå Statens vegvesen Region vest datert 24.09.2015, som er lagt ved søknaden. I notatet er det gitt ein omtale av dei ulike elementa som er viktige for å bestemme nivået på bompengeinntektene, samt ei tilråding for kva tiltak som kan setjast i verk for å rette opp svikta i inntektene.

På dette grunnlag fatta styret i styremøte 22. okt. 2015 følgjande vedtak:

1. Styret i Bømlo Vegselskap AS slutter seg til Regionvegsjefen si tilråding om at ordninga med passeringstak ikkje vert endre men at ordninga med timesregel vert endra til 30 minutt.
2. Styret søker vidare om ei justering av dagens takstar ved bomstasjonen på Spissøy slik:

Takst før justering					Etter justering			
Takster	Lett bil	Forskot	Tung bil	Forskot	Lett bil	Forskot	Tung bil	Forskot
Full	65		130		80		160	

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

<i>pris</i>								
30 %	45,5	1820	91	3640	56	2240	112	4480
40 %	39	2340	78	4680	48	2880	96	5760
50 %	32,5	3900	65	7800	40	4800	80	9600

3. Styret slutter seg til at påslaget på fire takstsoner på ferjebillettene på fv 541 Langevåg–Buavåg ikkje vert endra.
4. Dei nye takstane vert sett i kraft frå 1. januar 2016, eller so snart som råd er etter denne dato.

Styret ber om at søknaden vert handsama så raskt som råd er.

Regionvegsjefen si tilråding:

I notatet frå Statens vegvesen Region vest til selskapet datert 24.09.2015, vedlagt, er det gitt ei tilråding for kva tiltak det kan vere aktuelt å setje i verk for å auke inntektene i pakken. I notatet er det tilrådd at dagens passeringstak og timeregulering står ved lag. I punkt 1. i styret sitt vedtak er timeregelen redusert frå 1. time til 30 minutt. Regionvegsjefen har ingen merknader til at selskapet reduserer «timeregelen» frå ein time til 30 minutt. Ei vurdering av timeregelen er også i tråd med tilrådinga i takstvedtaket.

Regionvegsjefen vil rå til at kommunane og fylkeskommunen som skal gje uttale, sluttar seg til søknaden frå Bømlo Vegselskap AS.

Søknaden vil bli sendt på høyring i kommunane Bømlo, Stord, Sveio og Fitjar samt Hordaland fylkeskommune. Etter at vedtak er fatta, vert søknaden sendt vidare til Vegdirektoratet, som er takstmyndigheit.

Vi ber om rask sakshandsaming

Med hilsen

Helge Eidsnes
Regionvegsjef


Tone Margrethe Oppedal
Leiar Styring og Strategistab

Vedlegg: 2

Likelydende brev sendt til
Bømlo kommune, Kommunehuset, 5430 BREMNES
Fitjar kommune, Postboks 83, 5418 FITJAR
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Stord kommune, Postboks 304, 5402 STORD
Sveio kommune, Postboks 40, 5559 SVEIO

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.



Statens vegvesen

Notat

Til: Bømlo Vegselskap as
Frå: Statens vegvesen Region vest
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Helge Oddvin Sandvik +47 55516508
Vår dato: 24.09.2015
Vår referanse: Endeleg revisjon

Forslag til takstjustering i Bømlopakken

Bømlopakken blei vedtatt i 2009 gjennom Stortingets behandling av St. prp. nr. 78 (2008-2009) Om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland. Pakken er planlagt med ei investeringsramme på 1003 mill. 2009 kroner. I finansieringsplanen er det føresett at 625 mill. kroner blir finansiert med bompengar. Innkrevjinga av bompengar starta opp 2. mai 2013.

I takstvedtaket for Bømlopakken er det lagt opp til at ein skal vurdere gjennomsnittleg inntekt per passering innan eit år etter at innkrevjinga starta opp. I taksvedtaket er dette formulert slik: «Vegdirektoratet tilrår at bompengetakstene blir vurdert innan ett år etter oppstart av innkrevjinga, slik at en tidlig i bompengeperioden kan justere bompengetakstene for å oppnå den gjennomsnittstaksten som er lagt til grunn i St.prp. nr. 78. Ved evt. inntektssvikt bør virkningene av månedlig passeringstak og timesregel vurderes.»

Med utgangspunkt i takstvedtaket er bompengeinntektene i Bømlopakken vurdert opp mot berekningsgrunnlaget i proposisjonen. Datagrunnlaget for vurderingane er rekneskapstal frå Bømlo Vegselskap AS for 2014 og trafikk og inntekter første halvår 2015.

Forventa og faktisk utvikling av trafikk og inntekter

Tabellen under viser oversikt over trafikk og bompengeinntekter frå bomstasjonen på Spissøy, gjennomsnittleg inntekt per passering og taksten for lett bil i følge St. prp. nr. 78 (2008-2009) Tala er samanlikna med tal frå rekneskapen for 2014.

	Jf. St. prp. nr. 78 (2008-2009)	Rekneskap 2014	Avvik
Årsdøgntrafikk (ÅDT)	2700	3432	27 %
Inntekter i mill. kroner i 2014	58	48	-17 %
Gjennomsnittleg inntekt per passering 2014 kroner			
Målt i 2009 kroner i parentes	*(52) 61	38,3	-37 %
Takst 2014 liten bil			
Målt i 2009 kroner i parentes	*(62) 73	65	-11 %

*Takst i proposisjon i 2009 kroner

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanqer

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 Fyllingsdalen

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Passeringar gjennom bomstasjonen på Spissøy

Talet på passeringar gjennom bomstasjonen er 27 % høgre føresett.

Bompengeinntekter

I 2014 er det kravd inn omlag 10 mill. kroner mindre i bompengar i bomstasjonen på Spissøy enn føresett i berekningsgrunnlaget for pakken. Det utgjør ein svikt inntektene på om lag 17 %.

Gjennomsnittleg inntekt per passering

I proposisjonen er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på kr. 52,0 2009-kroner. Korrigert med byggekostnadsindeksen fram til og med 2012 og deretter regulert i høve til konsumprisindeksen skulle gjennomsnittleg inntekt per passering bli i storleik kr. 61,0 2014 kroner. I 2014 var inntekt per passering på kr. 38,30, eller om lag 37 % lågare enn føresett.

Takst

Dersom taksten for liten bil blei regulert i høve til veksten i byggekostnadsindeksen og konsumprisindeksen skulle den i 2014 vore på kr. 73,-. Taksten på kr. 65 ligg 11 % lågare enn føresett.

Med utgangspunkt i den sterke trafikkveksten blei taksten for lette og tunge køyretøy sett noko lågare enn det som var tilrådde i proposisjonen.

Utvikling første halvår 2015.

Utviklinga første halvår 2015 med omsyn til trafikk og inntekter held fram som tidlegare. Trafikkveksten første halvår 2015 samanlikna med tilsvarende periode året før viser ein auke på 5,1 %. I same periode går inntektene ned med 1,5 %. Medrekna juli, i løpet av dei 7 første månadene i 2015, er det registrert ein trafikkvekst på 5,2 % og samstundes ein reduksjon i inntektene 3,9 %. Rekneskapstala for juni og juli er førebels tal.

Årsaker til svikt i bompengeinntektene

Årsaka til svikt i inntektene er samansett. Viktige forklaringsparametrar er:

- Høg bruk av rabatt
- El-bilar
- Timeregel

Bruk av maksimalrabatt

I tillegg til at takstnivået er lågare enn føresett, er bruken av maksimalrabatt høg. Tabellen under viser fordeling av passeringar gjennom bomstasjonen mellom lette og tunge køyretøy og bruken av takst- og rabattsystemet. Tala gjeld for første halvår 2015.

	Fordeling tunge/lette køyretøy	Bruk av rabatt / passeringar gjennom bomstasjonen
Tunge køyretøy		
Fullpris		59 %
30 %		2 %
40 %		3 %
50 %		36 %

Del tunge	6 %	100 %
Lette køyretøy		
Fullpris		25 %
30 %		6 %
40 %		10 %
50 %		60 %
Del lette	94 %	100 %

Om lag 60 % av lette betalende køyretøy som passerar gjennom bomstasjonen har abonnement med 50 % rabatt. Bruken av 30 og 40 % rabatt utgjer i sum 16 %. Resten, 25%, er fullprisbetalende. Tilsvarende tal for tunge køyretøy er 36 % med maksimalrabatt og heile 59 % utan rabatt. Bruken av 30 og 40 % utgjer til saman 5 %. Høg bruk av maksimalrabatt er med på å redusere inntektene. Ein tendens ein finn igjen i dei fleste bompengeprojekt og pakkar.

Då Bømlopakken blei utarbeidd var det vanleg å gå ut frå at gjennomsnittleg inntekt per passering utgjorde 90 % av full takst for liten bil. I Bømlopakken var gjennomsnittleg inntekt per passering sett under 85 % av taksten for lett bil utan rabatt. Det er fleire grunner til at inntekt per passering er lågare enn føreset. Forskotsbeløpet for å oppnå 50% rabatt er lågare enn det retningslinjer legg opp til. Dette vart gjort ut frå ei vurdering av den samla økonomiske belastninga av bompengar i området. Trafikken gjennom bomstasjonen er lokaltrafikk, som også kan bidra til å forklare den låge gjennomsnittstaksten. I tillegg til rabattsystemet er både timeregelen og talet på el-bilar med på å redusere gjennomsnittstaksten. Desse to rabattordningane var ikkje med i vurderinga av gjennomsnittstaksten når proposisjonen blei utarbeidd.

El-bilar

I berekningsgrunnlaget for bompengeinntektene var det ikkje tatt høgde for skattefritaket for el-bilar eller timeregel. Bruken av el-bil er i vekst og utgjer om lag 6 % av sum passeringar gjennom bomstasjonen. Første halvår 2015 passerte 38 298 el-bilar gjennom stasjonen. Om ein føreset at dette er trafikantar med abonnement og rabatt, utgjer el-bilar eit potensielt tap av inntekter i storleik 2,5 til 3,5 mill. kroner på årsbasis med 30 eller 50 % rabatt. Så lenge denne ordninga står ved lag må vi rekne med at fleire vil skaffe seg el-bil for å unngå bompengar. Dette vil ytterlegare svekke bompengeinntektene i pakken. Skal ein kompensere for bortfallet må taksten for konvensjonelle køyretøy aukast med mellom 3 og 5 kroner. Det er ikkje opp til Statens vegvesen å endre ordninga for el-bilar.

Timeregel

Første halvår 2015 er det registrert 40 357 passeringar som fell inn under timeregelen. Basert på same metodikk som for el-bil utgjer tapet av inntekter i storleik mellom 2,5 og 3,5 mill. kroner på årsbasis.

Tiltak

I høve til berekningsgrunnlaget for proposisjonen er det ein svikt i bompengeinntektene frå bomstasjonen på Spissøy i storleik 10 mill. kroner. For å rette opp svikten må dagens inntektsnivå aukast med om lag 21 %.

Vi har tre verkemiddel til rådvelde for å rette opp svikten i inntektene: Justering av passeringstaket, timeregel og justering av taksten.

Det er svært få køyretøy som når passeringstaket. Justering av denne rabattordninga vil derfor ikkje ha nokon økonomisk effekt på inntektene i pakken. Timeregelen utgjør ein svikt i inntektene i storleik 2,5 til 3,5 mill. kroner per år. Det er naturleg å tenke seg at mange turar blir gjennomført på grunn av timeregelen, og som ikkje vil bli realisert utan denne fritaksordninga. Vi må derfor rekne med at veksten i inntektene ved bortfall av timeregelen blir mindre enn det kalkulerde tapet på mellom 2,5 og 3,5 mill. kroner. Ei fjerning av ordninga vil bidra, men vil vere langt frå nok til å rette opp svikten i inntektene. Mange trafikantar har i tillegg tilpassa seg eit køyremønster med timeregel. For mange av desse trafikantane vil ei omlegging av rabattsystemet vere uheldig.

Vi vil derfor rå til at dagens rabattordning står ved lag og at svikten i inntektene blir retta opp ved å justere bompengetaksten. For å oppnå ei inntekt på om lag 58 mill. kroner i 2014 vil det vere behov for å justere opp taksten med vel 21 %, eller om lag 14 kroner for lett bil.

Takstauke i høve til generell prisvekst

Tabellen under viser korleis taksten ville utvikle seg dersom taksten blei regulert slik det var lagt opp til i stortingsproposjonen.

	Takst prop. 2009 kroner	Kostnads- indeks for veganlegg	Konsumpris SSB			
			2013	2014	2015	2016
	2009	2012				
Fram til		1,123			1,025	1,025
Takst 2009		62				
Forventa takst	kr 62,0	kr 69,6	kr 71,1	kr 72,6	kr 74,4	kr 76,2

Basert på ein estimert prisvekst i 2015 og 2016 på 2,5 % vil det gje ein takst i 2015 på om lag kr. 75,00 og kr. 76 i 2016.

Justert bompengetakst ved passering av bomstasjonen på Spissøy

Med AutoPASS er det enkelt å justere takstane. Det er likevel ikkje nødvendig å justere takstane kvart år, så lenge takstane over tid føl utviklinga i konsumprisindeksen. Det vert søkt om ein bompengetakst på kr. 80 for lette køyretøy og at taksten blir gjort gjeldande frå 1 januar 2016. Det inneber ein takstauke utover generell prisvekst på om lag 5 %. Med eit slikt opplegg vil ein kunne vente nokre år før taksten blir justert på nytt. Dagens takstar og justerte takstar ved passering av bomstasjonen på Spissøy er vist i tabellen under:

Takst før justering					Etter justering				
Takster	Lett bil	Forskot	Tung bil	Forskot	Lett bil	Forskot	Tung bil	Forskot	
Full pris	65		130		80		160		
30 %	45,5	1820	91	3640	56	2240	112	4480	
40 %	39	2340	78	4680	48	2880	96	5760	
50 %	32,5	3900	65	7800	40	4800	80	9600	

Bompengar på ferjestrekninga fv 541 Langevåg-Buavåg

Bompengetaksten på ferjesambandet fv 541 Langevåg – Buavåg utgjør eit tillegg til ferjetaksten på fire takstsoner, med utgangspunkt i takstzone 6. Taksten er regulert i høve til riksregulativet for ferjetakstar. Til forskjell frå bompengetaksten ved passering av

bomstasjonen på Spissøy, blir taksten på ferja prisregulert kvart år. Tabellen under viser endring i taksten frå 2009 til 2015, med utgangspunkt i liten bil opp til 6 m.

	2009	2015	Endring
Takst bil inntil 6 m	19,4	23,7	22 %

Om vi føreset ein auke i taksten på ferja frå 2015 til 2016 på 2,5 %, vil taksten i 2016 bli om lag 25 % høgre enn taksten målt i 2009. Bompengetaksten på kr. 80 er om lag 29 % høgre enn taksten målt i 2009 kroner. Ein tilsvarande auke i taksten på ferja ville innebære ein takst på om lag kr. 25,- for liten bil opp til 6 m. I høve til forventa prisvekst i 2016 på 2,5%, vil det gje ein takst i 2016 på kr. 24,30. Når vi tek omsyn til at taksten på ferja blir regulert kvart år, vil endringa i taksten på ferja, etter nokre år, bli regulert like mykje som bompengetaksten ved passering av bomstasjonen på Spissøy, når denne blir sett til kr. 80 for lette køyretøy.

Taksten på ferja utgjer differansen mellom sone 6 og sone 10 i ferjetakstregulativet. For å justere taksten på ferja utover generelle prisjustering må talet på takstsoner justerast opp. Eit påslag frå fire til fem soner vil resultere i ein takstauke med utgangspunkt i 2009 takst på om lag 55 %. Vi vil derfor tilrå at dagens takst med eit påslag på 4 takstsoner blir vidareført.

Tilråding

Regionvegsjefen vil rå til at passeringstak og timeregel står ved lag. Taksten ved å passere bomstasjonen på Spissøy blir justert opp frå dagens kr. 65 for lette køyretøy til kr. 80,- og frå kroner kr. 130 til kr. 160 for tunge køyretøy. Det utgjer ein auke utover generell prisvekst målt med utgangspunkt i forventa prisvekst i 2016 på om lag 5 %. Påslaget på fire takstsoner på ferjebilletten på fv 541 Langevåg-Buavåg blir ikkje endra. Dei nye takstane blir sett i kraft frå 1. januar 2016.

Saksgang

Alle justeringar av taksten som går utover generell prisjustering, i tråd med veksten i konsumprisindeksen, skal godkjennast av Vegdirektoratet. Søknaden om justering av takstane skal behandlast lokalpolitisk i kommunane og fylkeskommunen før søknaden blir sendt til Vegdirektoratet for godkjenning.



Statens vegvesen

Notat

Til: Postmottak vest
Fra: Vegdirektoratet, Seksjon for
brukerfinansiering
Kopi:

Saksbehandler/innvalgsnr:
Bernt Iversen - 22073609
Vår dato: 29.01.2013
Vår referanse: 2010/100016-022

Godkjenning av takst- og rabattsystem for Bømlopakken i Hordaland. Takstvedtak

Vi viser til regionvegkontorets notat av 22. januar 2013 med vedlegg, herunder lokale vedtak og takstsøknad fra bompengeselskapet Bømlo Vegselskap AS, jf. St.prp. nr. 78 (2008-2009) der det er lagt til grunn en bomstasjon på Spissøy (fv 542) og innkreving på ferjesambandet Langevåg - Buavåg.

Kommunene Bømlo, Stord, Sveio og Fitjar samt Hordaland fylkeskommune har uttalt seg til søknaden. Bømlo kommune har sluttet til takstsøknaden, herunder å innføre timeregulering og et passeringstak på 75 passeringer pr. måned. Stord kommune har oppfordret til at takstene ved forskuddsbetaling blir vurdert. Stord kommune ber videre om at det blir lagt til rette for samordning av forskuddsbetaling og rabattordninger mellom Bømlopakken og en evt. Stordpakke. Sveio kommune ber også om at det blir lagt til rette for slik samordning. Videre ber Sveio kommune om at takstene ved forskuddsbetaling blir satt ned. Fitjar kommune har valgt å ikke uttale seg. Hordaland fylkeskommune har sluttet seg til takstsøknaden.

I St.prp. nr. 78 var det ikke lagt til grunn månedlig passeringstak og timesregel. I Innst. S nr. 343 støttet flertallet i transport- og kommunikasjonskomiteen at det innføres et månedlig passeringstak på 75 passeringer og timesregel i tråd med Bømlo kommunestyres ønske. Flertallet forutsatte at dette ikke svekker finansieringsgrunnlaget og helheten i pakken vesentlig. I takstsøknaden er månedlig passeringstak på 75 passeringer og timesregel lagt til grunn fra oppstart av bompengeneinnkrevningen.

Vi viser til at det i takstsøknaden er foreslått å sette forskuddsbeløpet til kr 3 900 for å oppnå 50 pst. rabatt for lette kjøretøyer og de øvrige rabattgrupper (30 og 40 pst.) tilsvarende lavere. Med det forutsatte nivået på grunntakstene (takster før rabatt) er forskuddsbeløpene vesentlig mindre enn lagt til grunn i Håndbok 199 Takstretningslinjer for bompengeprojekter på offentlig veg. Dette er begrunnet med at det er flere bompengeneordninger innenfor en naturlig pendlingsavstand og at disse har forskuddsbeløp på omtrent samme nivå. Vegdirektoratet kan ikke slutte seg til en ytterligere reduksjon av forskuddsbeløpene.

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 Oslo

Telefon: 02030
Telefaks: 22 07 37 68
firmapost@vegvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Brynsengfare 6A
0667 OSLO

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Stord og Sveio kommuner ber om at det blir lagt til rette for samordning av forskuddsbetaling og rabattordninger mellom Bømlopakken og en evt. Stordpakke som det arbeides med. Vegdirektoratet ser positivt på en evt. samordning av takst- og rabattsystemer for bompengereordninger i samme geografiske område men kan likevel ikke gå inn for særskilte rabatter for kunder som har avtale med Bømlo Vegselskap AS og bompengeselskapet for en evt. Stordpakke. Med dagens avtaleverk kan trafikanter som inngår avtale med ett bompengeselskap inngå tilleggsavtale med et annet bompengeselskap og ved innbetaling av gjeldende forskuddsbeløp for begge selskapene oppnå rabatter i begge.

Vegdirektoratet godkjenner takst- og rabattsystemet i samsvar med søknaden fra bompengeselskapet. I tabell i takstsøknaden er antall passeringer ved de ulike forskuddsbeløp angitt. Ut fra at de fleste brikkebrukere foretar passeringer også i andre bompengeanlegg med ulike takster, bør kolonnen med antall passeringer utgå av informasjonen om takst- og rabattsystemet. Vegdirektoratet godkjenner følgende takst- og rabattsystem:

Type	Rabatt	Lette kjøretøy		Tunge kjøretøy	
		Takst	Forskuddsbeløp	Takst	Forskuddsbeløp
Full pris	0	kr 65,00		kr 130,00	
Avtale	30 pst.	kr 45,50	kr 1820,00	kr 91,00	kr 3640,00
Avtale	40 pst.	kr 39,00	kr 2340,00	kr 78,00	kr 4680,00
Avtale	50 pst.	kr 32,50	kr 3900,00	kr 65,00	kr 7800,00

Når det gjelder innkreving av bompenger på ferjesambandet Langevåg – Buavåg vil bompengetaksten utgjøre et påslag på fire takstsoner på gjeldende takstregulativ. Ferjesambandet er plassert i sone 6. Trafikantene vil oppnå de rabattene som er forutsatt i Riksregulativet for ferjetakster.

Vegdirektoratet tilrår at bompengetakstene blir vurdert innen ett år etter oppstart av innkrevingen, slik at en tidlig i bompengeperioden kan justere bompengetakstene for å oppnå den gjennomsnittstaksten som er lagt til grunn i St.prp. nr. 78. Ved evt. inntektssvikt bør virkningene av månedlig passeringstak og timesregel vurderes.

Vi ber om at regionvegkontoret kunngjør vedtaket på vanlig måte.

Seksjon for brukerfinansiering
Med hilsen

Arve Kirkevold
avdelingsdirektør

Bernt Iversen

Bømlo Vegselkap AS

Lonavegen 1,
5460 HUSNES



Statens vegvesen Region vest
v/ Helge Sandvik

Bømlo 26.10.2015

SØKNAD OM JUSTERING AV TAKST- OG RABATTORDNING FOR BØMLOPAKKEN.

Det vert vist til godkjenningsbrev om takst- og rabattsystem for Bømlopakken , datert 29.10.2013.

Her tilrår vegdirektoratet at bompengetakstane blir vurdert innan eit år etter oppstart av innkrevjinga , slik at ein tidleg i bompengerperioden kan justera bompengetakstane for å oppnå den gjennomsnittstaksten som er lagt til grunn i St.prp.nr. 78. Det vert og bede om at ein ved ein eventuell inntektssvikt og bør vurderer verknadane av månadleg passeringstak og timesregel.

Selskapet starta opp si innkrevjing den 2.mai 2013 og 2014 var derfor det første heile driftsåret for selskapet. Basert på dei erfaringane ein har gjort seg so langt finn styret det nødvendig med ei justering av takstar og rabattsystem for å kunna oppnå den gjennomsnittsinntekta pr. passering som er føresett.

For detaljert omtale av dei ulike elementa i pakken og med det grunnlaget for styret si avgjerd og vedtak, vert det vist til eige notat, utarbeida av Statens vegvesen region vest, datert 24.09.2015, som ligg som vedlegg til denne søknaden.

Styret handsame saken i sitt styremøte den 22.okt. 2015 der det vart gjort følgjande samrøystes vedtak:

- 1. Styret i Bømlo Vegselkap AS slutter seg til Regionvegsjefen si tilråding om at ordninga med passeringstak ikkje vert endra men at ordninga med timesregel vert endra til 30 minutt.*

2. *Styret søker vidare om ei justering av dagens takster ved bomstasjonen på Spissøy slik:*

Takst før justering					Etter justering			
Takster	Lett bil	Forskott	Tung bil	Forskott	Lett bil	Forskott	Tung bil	Forskott
Full pris	65		130		80		160	
30 %	45,5	1820	91	3640	56	2240	112	4480
40 %	39	2340	78	4680	48	2880	96	5760
50 %	32,5	3900	65	7800	40	4800	80	9600

3. *Styret slutter seg til at påslaget på fire takssonar på ferjebillettene på Fv. 541 Langevåg – Buavåg ikke vert endra.*
4. *Dei nye takstane vert sett i kraft frå 1.januar 2016, eller so snart som råd er etter denne dato.*

Styret ber med denne bakgrunn om at denne søknaden og justering av takstar og rabattordningar for Bømløpakken vert handsama so raskt som råd er.

Beste helsing
Bømlø Vegselskap AS

Pes-Jarle Johansen

for Inge Reidar Kallevåg